



forum for
natur og friluftsliv i
Sogn og Fjordane

Gulen/Leikanger 21.06.2017

NVE Nett
nve@nve.no

Høyringsfråsegn til tilleggssøknad, justert søknad til 132 kV Dalsbotnfjellet – Frøyset, frå SFT - Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane; NJFF - Norges Jeger- og Fiskerforening i Sogn og Fjordane og Forum for natur og friluftsliv.

Fråsegna er basert på lokal kunnskap om området og kompetanse frå ulike organisasjonar i forumet.

Hovudalternativet, som det vart gjeve konsesjon til med kryssing over «Svaberghavet», er fortsatt, om enn dyrare, ei løysing som utifrå omsyn til naturmangfold er minst kontroversiell. Vi står såleis at ein står fast ved det konsesjonsgjevne alternativet.

Omgrepet samfunnsøkonomi er ikkje godt å bruke når verdien av urørt natur ikkje er med i reknestykket. Fragmentering av natur og biotopar er den viktigaste årsåka til tap av artar og naturmangfold, som er ein viktig føresetnad for økosystemtenester vi menneske treng.

Privatøkonomisk vil ein ikkje få same vinst med eit anna linjeval enn den rimeligaste, som no ligg til grunn for søknaden. «Grøn» energi kan stundom vere så interessant for investorar at eit kalkulert underskot er uvesentleg om profilbygging er viktigast, les, difor lønsamt, for GOOGLE, E-on, Econo, Aquila kapital, eller Microsoft.... Også i ein slik samanheng bør ikkje eit kontroversielt lineval, som det er søkt om, få konsesjon. I denne sakar meiner Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og Forum for natur og friluftsliv at fragmentering av urørt, villmarksprega natur ikkje er naudsint, og attpåtil: «søkjjarane har eit mindre konfliktfylt alternativ som har fått konsesjon.»! Vi registrerer stadig at svak lønsemid i energibransjen og nye investeringar fører fram auka tap av naturmangfold og allmenne interesser. Dette er ei lite berekraftig utvikling.

Sogn og Fjordane Turlag har i si fråsegn datert 15 juli 2015 uttalt at alternativ linjetrase i det urørte området frå Stølsvatnet og til Frøyset er i konflikt med og på kostnad av urørt og villmarksprega naturområde.

NOF i Hordaland og Sogn og Fjordane fylke peika på i sin fråsegn i same tidspunkt (30/6 2015), på dei fagleg svake sidene ved rapportane om fugl. Vi kan ikkje sjå at dette er søkt retta opp, men vi registrerer at der er lagt fram nye påstandar det ikkje er sikkert grunnlag for, som at vipe truleg ikkje lenger hekkar i området av di bestandsnedgangen i landet generelt er stor. Dette held ikkje mål. Det er ikkje gjort feltarbeid og nye registreringar i aktuelle periodar som stettar dette som vi kan lese av rapporten. Påstanden bygger såleis opp under inntrykk av eit særskilt arbeid innan utgreiing av tema fugl. Kva da med karplantar, mosar og lav?

FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532

Epost sognogfjordane@fnf-nett.no

Nettside www.fnf-nett.no/sognogfjordane

I samandraget i søknaden frå Zephyr om justert nettilknyting av Dalsbotnfjellet vindkraftverk, er det feilaktig ikkje nemnt at Sogn og Fjordane Turlag i si fråsegn hevdar at ei utbygging som skissert er uakseptabel.

Samandraget side 5 i søknaden frå Zephyr nemner stor motsetnad i Masfjorden for Myrdalen, medan ein hopper bukk over Sogn og Fjordane Turlag sin motstand! Ein legg ved tidligare sendte fråsegn datert 15 juli 2015.

Kort klargjering:

I Gulen kommune sitt fastlandsområde er store areal per i dag påverka av kraftutbygging, som er gjennomført eller som er aktuell, og som har fått konsesjon. (Sjå fråsegn datert 15 juli 2015) Urørt og villmarksprega natur må difor no takast vare på!

Løysinga tvers gjennom urørt og villmarksprega natur, frå Stølsvatnet gjennom Fossdalen, med raudlisteartar, inklusive truleg hubro og vipe med fleire, og vidare via Kjelbu mot Frøyset, vil sluke det siste av arealet som er svært verdifullt for friluftslivsaktivitetar og mykje av det mest urørte ein har att i kommunen. Dette gjeld for alle dei framlagte alternativa.

Området Myrdalen – Kjelbu skal ein sjå i samanheng, dette er eit utferdsområde av stor verdi. Hovudalternativet som først var søkt om med SAE vind og Brosviksåta vindkraft, har likevel betringspotensiale i detaljplanleggingsfasen! Dette alternativet har fått konsesjon. Lina vil vere lengre og dyrare, men er etter våre syn ei betre løysing og ein akseptabel pris å betale for eit elles svært naturøydeleggjande inngrep, som vindkraft representerer. Betringspotensialet gjeld område kring flyplassen på Rompane i Dalsbygda og den faste busetjinga i bygda.

Lineføringa er delvis parallel med eksisterande line og vil da vere eit langt betre alternativ for naturmangfold og natur- og friluftslivsinteressene, enn framlagt justert nettilknyting av Dalsbotnfjellet datert 21042017.

Vi oppmodar NVE om å ikkje gje konsesjon til nytt traséval med grunn i å skåne det urørte arealet som er att i kommunen. Dette har stor verdi for både truga artar og allmenne interesser som til dømes friluftslivet.

Med venleg helsing

Sogn og Fjordane Turlag

Ron Overdevest, leiar Naturvernuntnalet
Dalsøyra, Gulen

Sogn og Fjordane Turlag



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Marit Vøien Nes, leiar
Erik Solheim, rådgjevar



NJFF i Sogn og Fjordane

Alf Erik Røyrvik, fylkesleiar



Forum for natur og friluftsliv

Elisabeth Dahle, koordinator
FNF Sogn og Fjordane

Kjelde, vår kommentar til rapporten om tema fugl og biologisk mangfold:

Naturmangfold

6.4.1 Status

Nedenfor følger en gjennomgang av potensielt berørte forekomster av naturmangfold i influensområdet for ledningstraseene. Det meste av materialet er hentet fra opprinnelig konsekvensutredning (Ecofact 2015). Det bemerkes at nye traseer ikke er befart i sommerhalvåret. Det kan derfor ikke utelukkes at der er uoppdagete, viktige lokaliteter for naturmangfold her. Likevel er det få lokaliteter som er inkludert i oversikten nedenfor som ble førstegangsregistrert under befaringen som ble gjennomført i 2014.

Vedlegg II:

Høyringsfråsegnar frå:

Sogndal turlag 20150715

NOF i Hordaland/Sogn og Fjordane 20160418